



Mars 2009

RETNINGSLINJER FOR STØTTE TIL NYE NORSKE TEGNESERIER

RETNINGSLINJER FOR STØNAD TIL NYE NORSKE TEIKNESERIER FORMÅL OG ØKONOMISKE RAMMER

Formålet med ordninga er å støtte nye norske kvalitetsteikneserier for vaksne, ungdom og barn. Det kan søkjast om stønad til lengre teikneserier, til stripeserier og til prosjekt som kan bidra til å stimulere, styrkje og utvikle teikneseriefeltet i Noreg og profilere norske teikneserier i utlandet. Norsk kulturråds vurderingsutvalg for teikneserier fordeler stønad etter fagleg-kunstnarleg skjøn, innanfor dei rådande økonomiske rammene som ligg i dei statlege løyvingane til ordninga kvart år.

STØNAD TIL LENGRE SERIAR

Stønaden skal stimulere til utvikling og utgjeving av nye norske kvalitetsteikneserier for vaksne, ungdom og barn. Stønad kan gjevast til utgjevingar av nye norske seriar i originalutgåve, første opplag. Unntak kan i særskilte tilfelle gjerast for tidlegare utjevne arbeid, til dømes antologiar eller samla verk.

Formelle krav

Det kan søkjast om stønad til einskildståande, lengre teikneserier (meir enn ei side) i teikneseriebøker, album, antologiar, blad eller tidsskrift. Serien skal utgjevast på norsk forlag, minst ein av opphavsmennene skal vere norsk, og serien skal ha norsk språkform, eventuelt vere omsett frå original på eit av dei nasjonale minoritetsspråka.

Krav til søknaden

Utgjevar og serieskapar(ar) sender inn søknad saman. Det skal fyllast ut eitt søknadsskjema pr serie. Søknadsskjemaet skal følgjast av kopi av minst fire ferdig utteikna sider (om serien består av mindre enn fire sider totalt, kan det sendast inn færre enn fire sider, men ikkje mindre enn éi side), synopsis, komplett manus *eller* døme på replikkveksling, og layoutskisse for heile serien – alt i fem kopiar. Det kan også søkjast på ferdig trykt materiale.

Utbetaling og vilkår

Stønaden blir fordelt med 40 % til utgjevar og 60 % til serieskapar(ar). Personnummer, evt. organisasjonsnummer og kontonummer skal fyllast ut på søknadsskjemaet. Norsk kulturråd betaler ut tilskotet til utgjevaren, som trekkjer skatt og informerer skattestyresmaktene før serieskapar(ar) får overført sin del. For serieskapar(ar) skal denne summen kome i tillegg til honorar/royalty. Forlaget skal opplyse på kolofonsida at utgjevinga er støtta av Norsk kulturfond. Forlaget skal sende fem eksemplar av utgjevingar som har fått løyvd stønad til Norsk kulturråds

administrasjon, så snart desse er ferdig trykte.

Selektivt innkjøp

Album/bøker for barn /ungdom kan også meldast på innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge, der inntil 3 – tre – teikneserietitlar kan kjøpast inn. Det er teikneserietvalet som prioriterer mellom dei påmelde titlane. Siste frist for søknad er 10. juni i utgjevingsåret, og påmelding skjer ved å sende inn ordinært påmeldingsskjema for innkjøpsordninga til administrasjonen, saman med 5 eksemplar av ferdig bok/album (om desse ikkje er ferdige til fristen, kan eksemplara ettersendast innan utgangen av året). Skjema finst på Norsk kulturråds nettsider, <http://www.kulturrad.no/fagomrader/litteratur/innkjopsordninger/>

PRODUKSJONSSTØNAD TIL STRIPESERiar

Stønaden er eit tilskot til meirkostnaden pr. side for nye norske originalseriar sammenlikna med internasjonalt byråstoff (syndikerte seriar). Tilskotet blir gjeve for normalsider á 4 stripesekvensar.

Formelle krav

Det kan søkjast om stønad til stripeseriar i etablerte seriepublikasjonar, samt bøker, album og antologiar der teikneseriar utgjer ein vesentleg del av innhaldet.

Serien skal utgjevast på norsk forlag, minst ein av opphavsmennene skal vere norsk, og serien skal ha norsk språkform, eventuelt vere omsett frå original på eit av dei nasjonale minoritetsspråka.

Det er berre mogleg å søkje om stønad til ferdige utgåver.

Krav til søknaden

Det er utgjevar som søker. Det kan søkjast pr. publikasjon *eller* pr. serie. Det skal fyllast ut eitt søknadsskjema pr. publikasjon/serie, som viser kor mange sider det blir søkt om stønad til. Søknadsskjemaet skal følgjast av ferdig trykt materiale i fem eksemplar av heile serien eller publikasjonen det blir søkt for.

Utbetaling og vilkår

Tilskotet blir utbetalt til utgjevar. Tilskotet pr. side kan ikkje overstige det dobbelte av den rådande gjennomsnittsprisen på internasjonalt byråstoff.

PROSJEKTSTØNAD

Det kan søkjast tilskot til kurs, seminar og andre særskilte tiltak som kan bidra til å stimulere, styrkje og utvikle teikneseriefeltet i Noreg og profilere norske teikneseriar i utlandet. Søknader skal følgjast av skildring av tiltaket, budsjett og/eller finansieringsplan som opplyser om summen det blir søkt om, og program (der det er relevant). Om prosjektet får tilskot, skal det etter gjennomføringa av tiltaket sendast inn ein kortfatta rapport med rekneskap til administrasjonen.

PRAKTISK GJENNOMFØRING AV ORDNINGANE

Vurderingsutvalet for teikneseriar vurderer søknadene på grunnlag av innsendt materiale.

Søknadsfrist er to gonger i året: **1. mars og 1. september.**

Klagar over avslag/tilskotssum kan føre til ny handsaming i teikneserieutvalet dersom utgjevaren meiner at det ferdige produktet er vesentleg betre enn det materialet som vart sendt inn. Klagerett gjeld ellers berre feil i sakshandsaminga, jf § 14 i Forskrift om tilskot frå Norsk kulturfond.

Norsk kulturråd og Riksrevisjonen kan kontrollere at løyvingar frå Kulturfondet blir nytta etter føresetnadene, jf Stortingets løyvingsreglement § 17. Rådet har innsynsrett i endeleg rekneskap for alle tiltak som har fått slik stønad.

Søknadsmateriale og ferdige eksemplar skal sendast til:

Norsk kulturråd, Postboks 101 Sentrum, 0102 Oslo

Spørsmål kan rettast til administrasjonen, telefon 22 47 83 30, òg når det gjeld teikneserietiltak som ikkje kjem inn under ordningane over.